

# Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Protokoll nr. 03/2019

(HMR ref.: 2019/1710)

Møtedato 04.09.2019

## Medlemar:

Tilstade: x

-	Anders Riise, KS, Hareid kommune, leiar	-	Geir Stenseth, KS Ålesund kommune
-	Maritta Ohrstrand, KS, Kristiansund kommune	-	Sidsel Rykhus, KS Molde kommune
X	Ragnhild Velsvik Berge, KS, Hareid kommune		Wenche Solheim, KS, Ørsta kommune
X	Ingrid Løset, Leiar Brukarutvalet HMR		Ann Helene Skare, Nestleiar Brukarutvalet HMR
X	Grete Teigland, Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR		Kjersti Bakken, Ass. Direktør Helse- og sosialavdelinga, Fylkesmannen MR
X	Stian Endresen, leiar praksiskons.		Fagdirektør Torstein Hole Britt Valderhaug Tyrholm
X	Bjarne Storset, repr. frå styret HMR	-	Toril Forbord, Styremedlem HMR
X	Lena Bjørge Waage, samhandlingssjef HMR		Mariann H. Gammelsæther, med.fagsjef
-	Mariann G. Svendsen, LO	-	Hild Våge, LO
X	Ståle Evald Ræstad, NSF		Gjermund Øysteinsson Moe

## Observatørar:

**Andre:** Helge Storøy og Kirsti Hamar (presentasjon Helseplattformen), Odd Arne Skogen, sjukehusprest Ålesund sjukehus (presentasjon mindreårige etterlatte), Britt Valderhaug Tyrholm (presentasjon om samhandlingsdata)

**Sekretariat:** Helse Møre og Romsdal HF v/ Marianne Gravem

**Fråvær:** Anders Riise (og vara), Mariann Svendsen (og vara), Maritta Ohrstrand (og vara), Siv Iren Stormo Andersson, Knut Nautvik, Bjarte Jensen og Jan Morten Dale

Møtet i Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal vart halde i møterom 1, DPS Molde, Knausen.

Møtet starta kl. 10:00.

Samhandlingssjef HMR Lena Bjørge Waage ønska alle velkomne.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

**Sak 16/2019**

**Godkjenning av innkalling og sakliste**

Samhandlingssjef i HMR ønska å ta inn ei referatsak om «brev om organisering av traumesystemet» som blei sendt til Overordna samhandlingsutval i går kveld.

**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og sakliste.

**Sak 17/2019**

**Orienteringssaker**

I møtet vart Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal gjeve følgjande orienteringar:

- Helseplattformen v/Helge Storøy og Kirsti M. Hamar
- Status omstillingssarbeidet HMR v/Lena Bjørge Waage
- Samhandlingsdata v/Britt Valderhaug Tyrholm
- Dialogmøte hausten 2019 v/ Lena Bjørge Waage

**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval tek orienteringssakane til vitande.

Overordna samhandlingsutval (OSU) registrerer at det er litt ulik framdrift i regionane knytt til arbeidet med Helseplattformen og ønskjer ei statusrapport frå leiarane av dei lokale samhandlingsutvala på dette arbeidet til neste møte i OSU 27. november.

Overordna samhandlingsutval ser at det er ubrukt kapasitet, tilsvarande 20-25 senger dagleg i fylket totalt, på dei «kommunale augeblikkeleg hjelp»-plassane og vil be dei lokale samhandlingsutvala å sjå på korleis vi skal få auka bruken av desse plassane. OSU ønskjer ein status på dette i neste møte 27.november.

Overordna samhandlingsutval ber om at leiarane for dei lokale samhandlingsutvala blir invitert til dialogmøte 15.november 2019.

**Sak 18/2019**

**Referatsaker – utan saksframlegg**

- Referat frå Lokalt samhandlingsutval Molde 03-2019
- Referat frå Klinisk samhandlingsutval for svangerskap, fødsel og barsel
- Brev om organisering av traumesystemet i Helse Møre og Romsdal

**Sak 19/2019****Korleis ivareta mindreårige som er etterlatne etter foreldre eller søskene**

Innspel på vedtakspunkta:

Knytt til punkt 2, så ønskjer man å plassere ansvaret for å nedsette arbeidet til å opprette ei arbeidsgruppe til barnekoordinator i HMR, Anne Hollingen. Det er også forslag på utvida representasjon i ei arbeidsgruppe.

**Vedtak:**

1. Overordna samhandlingsutval ser med bakgrunn i skissert utfordringsbilete, at det er behov for å initiere eit arbeid mellom helseføretaket og kommunane i fylket, som sikrar at mindreårige som er etterlatne etter foreldre eller søskene, blir godt ivaretatt.
2. Overordna samhandlingsutval ber barnekoordinator i Helse Møre og Romsdal, Anne Hollingen, om at det blir etablert ei arbeidsgruppe på 8 personar med representantar frå Helse Møre og Romsdal HF (2), kommunane i Møre og Romsdal (4), herunder 1 frå nordre, 1 søre, 1 Ror og 1 frå Orkide og brukarrepresentantar frå kommune og HMR (2). Den norske kirke blir invitert til å stille med en representant i arbeidsgruppa.
3. Overordna samhandlingstuval ber om at arbeidsgruppa legg fram ei sak i eit av dei nærmaste møta i OSU, med skisse på korleis HMR HF og kommunane i Møre og Romsdal kan samarbeide om ivaretaking av mindreårige som er etterlatte etter foreldre eller søskene. Skissa skal seie noko om korleis ein kan registrere målgruppa, kva tiltak ein skal samarbeide om kva som er særansvar.

**Sak 20/2019****Revisjon samhandlingsavtalen – innspel til samhandlingsstruktur****Vedtak:**

1. Overordna samhandlingsutval tek orienteringa om status revisjonsarbeidet knytt til samhandlingsavtalen til vitande.
2. Overordna samhandlingsutval ber om at forhandlingsutvalet tek med innspela frå diskusjonen i utvalet, i arbeidet med å revidere samhandlingsstrukturen.

**Sak 21/2019****Møteplan 2020****Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval vedtek føljande møtedatoar for 2020:

Onsdag 4. mars	– Nordre Sunnmøre
Onsdag 20. mai	– Romsdal
Onsdag 9. september	– Nordmøre
Onsdag 25. november	– Søre Sunnmøre

Samhandlingskonferansen blir arrangert regionalt 11.-12. mars 2020, Stjørdal.

Dialogmøtet avklarast seinare i lys av revisjon samhandlingsstruktur. Kjem som eiga sak.

Sak 22/2019

**Godkjenning av protokoll 03/2019 – 04.09.2019**

**Vedtak:**

Overordna samhandlingsutval godkjenner protokollen frå møtet.

Møtet slutt kl. 14:20

Molde, 04.09.2019

Lena Bjørge Waage

Grete Teigland

Bjarne Storset

Ragnhild Velsvik Berge

Stian Endresen

Ingrid Løset

Overordna samhandlingsutval  
Møre og Romsdal